



Plan for integrering 2022 - 2026

Kvinnherad kommune



KVINNHERAD
KOMMUNE

Innhold

Forord.....	3
Avgrensing	4
Innleiing.....	4
Visjon	4
Rolleavklaring i integreringsarbeidet	5
Planprosess	7
Metode.....	7
Status.....	9
Flyktningssituasjonen internasjonalt, nasjonalt og lokalt	9
Budsjett og tilsette	11
Utfordringar	12
Rutinar og ansvarsdeling.....	12
Endra organisering av flyktningmottak nasjonalt	12
Bli kjent med, og integrert i, det norske samfunnet	12
Språkopplæring	13
Språkopplæring for ungdom	14
Kompetanseheving.....	14
Oppsummering.....	14
Tiltak.....	15
Vedlegg 1- Omgrep og definisjonar	16
Vedlegg 2 - Bakgrunn og føringar for integreringsarbeid	17
Vedlegg 3 – Andre kjelder.....	18

Bilde på framsida: Samspel på Husnes

Kvinnherad kommune ynskjer at alle innbyggjarar skal bu godt og trivast i lokalsamfunnet. Dette gjeld og alle nye innbyggjarar. Vi ynskjer at dei skal føle seg velkomen, vi vil dei skal utvikla seg og bli integrert i samfunnet. Vi vil dei skal kjenne dei er heime. Vi vil dei skal ta del i aktivitetar og delta i arbeidslivet. At Kvinnherad er deira plass

For menneske som i utgangspunktet har lite kjennskap til norsk språk, norsk kultur og det norske samfunnet kan det vere ein lang veg å gå. Men alle har med seg sitt eige språk, sin eigen kultur og sine eigne verdiar og levemåtar, og dette må ein verdsette, bygge på, lære av, ta del i. Dette kan vere svært berikande for alle andre deler av Kvinnherad-samfunnet.

For å lukkas med god integrering vil dette først og fremst krevje svært stor innsats frå den einskilde som kjem til landet og kommunen, men og utfordringar for dei kommunale tenestene og næringslivet forøvrig som må legge til rette og vere imøtekommande for å bidra til at god integrering skjer. Samfunnet vårt treng nye innbyggjarar, vi treng ungar i skule og barnehage, og vi treng arbeidskraft. Godt integreringsarbeid skal bidra til dette.

Denne planen skal sikre at vi klarer å finne frem til den beste måten å jobbe på, men og sikre at vi klarer å tilpasse språkopplæring, språktrening, og alt anna integreringsarbeid på ein måte som ivaretek den einskilde og set denne personen i sentrum. Samt at alle tenesteområda i kommunen har eit felles utgangspunkt – felles verdigrunnlag i arbeidet med å sikre god integrering.

Betre tverrfagleg innsats (BTI) og tidleg innsats er viktige prinsipp og metodikk som og må nyttas i integreringsarbeidet. Denne planen tar utgangspunkt i dette, og saman med alle tilsette vil dette gje eit godt grunnlag for det vidare arbeidet innan integreringsområda.

Ein stor takk til arbeidsgruppa som med si erfaring og fagleg kompetanse har bidrege til denne planen.

Kvinnherad 7. januar 2022

Ragnhild Bjerkvik
kommunedirektør



Foto: Thor Inge Døssland

Kvinnherad kommune ynskjer å vera ein kommune der store og små innbyggjarar kan vekse opp og trivast, uansett bakgrunn og nasjonalitet.

Det overordna målet for kommunen som organisasjon er «Saman om utvikling og gode tenester». Kommuneorganisasjonen har fire verdiar som skal vera styrande for utøving av arbeid i kommunen og i samhandling mellom dei tilsette: Respekt – Omsorg – Tydeleg – Ærleg. Det vert lagt vekk på heilskapstenking i organisasjonen, organisering med utgangspunkt i tenestene, tydeleg leiing, rett og plikt til å delta, rett og plikt til samhandling, vekt på fellesskapsløysingar og på å vera ein «lærande» organisasjon.

Planen er ein temaplan under kommuneplanen sin samfunnsdel og kommunedelplan for sektor omsorg, helse og sosial. Ambisjonane i integreringsarbeidet, og dermed også denne planen, vert lagt med grunnlag i det eksisterande lovverk, kommunale planverket samt i vedtak frå dei folkevalde.

Intensjonen med planen er å leggje grunnlag for eit føreseieleg og systematisk arbeid med integrering i Kvinnherad kommune, der brukaren/deltakaren er i fokus og arbeidet er prega av samanhengande innsats.

Det vert lagt grunnlag for arbeidet i økonomiplanen med dei satsingsområda som der vert halde fram

Planen er satt til å vare i 4 år med årleg rullering av handlingsdelen.

Overordna mål for integreringsarbeidet framover vil være;

- Sikre moglegheit for økonomisk sjølvstende
- Sikre moglegheit for god helse og autonomi
- Sikre god oppvekst
- Sikre likeverdig tilgang på kommunale tenester

Avgrensing

Integrering er eit stort omgrep som i daglegtale handlar om å innpasse minoritetar i det som vert rekna som majoritetssamfunnet. Integrering kan dermed også gjelde andre grupper med ulike typar utfordringar, og som opplever utanforskap.


Kvinnherad kommune sin overordna plan for integrering vert vidare i hovudsak avgrensa til å gjelde kommunen sine oppgåver i møte med innvandrarar som busette flyktningar og familiesameinte. Den vil på nokre punkt også omhandle andre innvandrarar med hovudvekt på arbeidsinnvandrarar.

Visjon

Gje bistand til eigen innsats for at innvandrarar skal kunne integrere seg i samfunnet og bli økonomisk sjølvstendig. Kommunen skal bidra til at innvandrarar får gode språkkunnskapar, kunnskap om norsk samfunnsliv, formell kvalifikasjon og ei varig tilknytning til arbeidslivet.

Rolle- og ansvarsfordeling

Ulike tenester har ulikt ansvar for integreringsarbeidet. Ulike personar har behov for kontakt med ulike deler av vårt apparat.



Figur henta frå Meld.st. 6 . Tett på

Nokon tenester er svært sentrale i arbeidet med flyktingar. I all hovudsak ser rollefordelinga slik ut;

Flyktingtenesta

Flyktingtenesta har ansvaret for å busetje flyktingane og rettleie i integreringsprosessen så lenge det er behov. Dette inneber å setje i gang apparatet ved å sende busetjingsbrev til aktuelle samarbeidspartar.

Ansvaret gjeld i inntil 5 år for den enkelte flykting.

Flyktingtenesta har også ansvar for forvaltninga av introduksjonsprogrammet.

Flyktingtenesta jobbar saman med og gjennom **Språkassistent**.

Desse fungerer som brubyggjar mellom kulturar. Dei beherskar morsmålet og har vore busett i kommunen over tid. Dei kan fungere som motivator for dei som kjem ved å delta i integreringsprosessen der det er naudsynt, og heile tida i starten.

Vaksenopplæringa

Vaksenopplæringa har blant anna ansvaret for norsk- og samfunnsfagopplæringa innan introduksjonslova/integreringslova, samt grunnskule for vaksne innan opplæringslova. Vaksenopplæringa skal tilby tilpassa undervisning på ulike nivå;

- Alfa (for dei som ikkje kan lese og skrive på eige språk)

- A1 nybyrjarkurs
- A2
- B1 (anbefalt for å byrje på vidaregåande skule)
- B2 (nivået ein må ha for å søkje høgskule/universitet i Norge)
- Grunnskule

Vaksenopplæringa skal også tilby undervisning til andre grupper enn flyktningar. Dei som er omfatta av lovene, og som skal gjevast opplæring frå Vaksenopplæringa er;

- Familieinnvandra (gift med nordmenn)
- Arbeidsinnvandrara i og utanfor EU
- Flyktningar og familiesameinte med desse
- Nordmenn som vert omfatta av lovverket

Bustadforvaltar/bustadkontor

Flyktningar vert busette i kommunale bustader når dei kjem til kommunen. Dei får leige over ein periode med mål om leige/eige privat. Det er bustadkontoret som administrerer dei kommunale bustadene, og som etter melding frå Integrasjon og opplæring skaffar tenleg bustad til flyktningar som kjem. Kommunen har ein Bustadplan som også omhandlar dette tema.

Helse/helsestasjon

Helsestasjonen har øymerka stillingar til arbeidet med helsetenester for busette flyktningar og familiesameinte. Oppgåvene i samband med dette er skissert i rutine for å sikre at flyktningar og familiesameinte som vert busette i Kvinnherad kommune får naudsynte kontrollar og vaksiner.

Tannhelse

Den fylkeskommunale tannhelsetenesta har ansvar for opplæring av barn og vaksne i tannhelse. Dette vert gjort i samarbeid med helsestasjonane i kommunen.

NAV

Nav har tilsette som føl opp flyktningar som har framleis har behov for bistand etter introduksjonsperioden er over. Sosialtenesta i NAV har ansvaret for økonomisk sosialhjelp også for flyktningar.

Skule og barnehage

Skulane og barnehagane har eit særskilt ansvar med integrering og opplæring av barn som i følge alder høyrer til i deira teneste. Barnehagane legg til rette for språkopplæring og jobbar systematisk for ein inkluderande og førebyggjande praksis. I skulane er barn sine rettar til særskild norskopplæring regulert i Opplæringslova.

Det er utarbeida to rettleiarar for arbeidet med minoritetsspråklege elevar i skule. Ein rettleiar for språkarbeidet og ein rettleiar for korleis skular og barnehagar skal søkje tilskot hos IMDi.

Det øvrige tenesteapparatet skal gje naudsynt bistand etter eige mandat og lovverk til denne gruppa på lik linje med øvrig befolkning i kommunen. Rett til bruk av tolk i samtalar gjeld så lenge det er behov for dette.

Autonomi må vera eit viktig og bærande omgrep i alt arbeidet med integrering. Å få lov til å kjenne eigarskap til eigen prosess og vere sjef i eige liv er avgjerande for å føle sjølvrespekt. Arbeidsmetodar som vert nytta i

integreringsarbeidet skal støtte opp om denne tankemåten og gje menneske moglegheit til å ta ansvar for eige liv

Flyktingtenesta/RVTS

Det er viktig med god samhandling og ei heilskapleg tilnærming i arbeidet med integrering. God integrering og inkludering krev at ansvarsområda vert godt koordinert mellom dei ulike nivåa og på tvers av sektorane i dei ulike nivåa. Ein felles strategi med faste møtepunkt er viktig om vi skal lukkast med dette. Til tider kan det opplevast som det ikkje er mangelen på ressursar som er utfordringa, men at ressursane i for liten grad er koordinert og til tider drar i ulik retning.

Tilbakemelding fylkeskommunal tilsett



Foto: Thor Inge Døsland

I porten til skulemuseet på Haugland

Planprosess

Planarbeidet starta våren 2021, og mandatet gitt til arbeidsgruppa var følgjande;

Det er på bakgrunn av kartlegging ynskjeleg å utarbeide ein plan med formål om å sikre god integrering av innvandrarar, med mål om at desse skal finna seg til rette i vår kommune og bli økonomisk sjølvstendige. Planen skal definere kommunen sitt ansvar for målgruppa, og mål, tiltak og ansvar skal definerast for å sikre eit heilskapleg tilbod.

Tiltak som sikrar god samordning av tenestetilboda må vurderast og utarbeidast.

Arbeidet har vore organisert med styringsgruppe frå kommuneleiing og arbeidsgruppe beståande av prosjektleiar frå sektorkontor Omsorg, helse og sosial, tilsett frå eining for integrering og opplæring, NAV, rådgjevar frå sektor oppvekst samt tillitsvalde. Det har i tillegg vore knytt opp ulike referansepersonar/grupper til arbeidet.

Arbeidet skal vera forankra i gjeldande lovverk samt kommunen sitt eige planverk.

Mange tenesteområde og faggrupper er relevante i arbeidet med å få til eit heilskapleg og koordinert integreringstilbod. I arbeidet med planen har det vore eit mål om å sikre representativ kartlegging og brei medverknad.

Medverknadsprosessen har hatt som hovudfokus å kartleggje no-situasjonen samt å identifisere område for forbetring. Hensikta blir dermed, i tråd med mandatet, å ut frå dette tilrå tiltak for å nå måla som er satt for integreringsarbeidet.

Metode

Med mandatet som utgangspunkt vart det i starten av planarbeidet gjennomført ei kartlegging blant alle relevante aktørar i kommunen, der ein fekk kome med innspel til sentrale områder i integreringsarbeidet til kommunen.

I tillegg til det kommunale tenesteapparatet gjekk også undersøkinga ut til Kvinnherad vidaregåande skule, politiet samt den fylkeskommunale tannhelsetenesta.

Tidlegare deltakarar ved introduksjonsprogrammet fekk svare på same spørsmål som dei tilsette. Kartlegginga vart gjennomført i mai 2021.

Det vart stilt følgjande spørsmål;

- Kva eining tilhøyrer du/de?
- Kva lovverk jobbar du/de etter? Og kva rolle har de i kommunen sitt arbeid for integrering i følgje dette?
- Kva tenkjer du/de, ut frå dine/dykkar arbeidsoppgåver, fungere bra med omsyn til integreringsarbeidet i kommunen per i dag?
- Kva utfordringar ser de? Inntil 5 punkt
- På bakgrunn av førre spørsmål, har du/de forslag til forbetringar? Inntil 5 punkt
- Evt andre kommentarer

Einingar kunne velje om dei ville svare saman som eining/avdeling eller om tilsette skulle få høve til å svare kvar for seg. Det kom inn 48 svar fordelt på 26 ulike kommunale einingar/avdelingar og to fylkeskommunale.

Det vart i same tidsrom gjennomført ei brukarundersøking blant dei som per mai 2021 var deltakarar i introduksjonsprogrammet. Her svarta 10 av 11 deltakarar. Undersøkinga som vart nytta er Betre kommune si undersøking, og det vart på førehand gjort naudsynte endringar for å sikre anonymiteten til respondentane. For denne gruppa kan det vera forbunde med risiko å gje tilbakemeldingar på system. Respondentar fekk derfor sitje saman med språkassistent når dei skulle svare, og det vart brukt tid i forkant på å forklare kva informasjonen skulle nyttast til.

Undersøkinga gjev ei svært lita datamengd, med få respondentar og med spørsmål som er opne for tolking. Det vart likevel vurdert at det var av verdi å få inn svar frå deltakarane.

Arbeidet vart presentert, med moglegheit for å komme med innspel, til ungdomsrådet i kommunen, hovudverneombod samt Levekårsutvalet.

Det har i tillegg vore samarbeid med Bømlo kommune og tilsette der som har vore involvert i utarbeiding av Bømlo kommune sin integreringsplan.



Flyktningssituasjonen internasjonalt, nasjonalt og lokalt

I 2020 førte koronapandemien til at land stengte grensene sine og bad folk halde seg heime, og medan millionar av menneske heldt seg heime, vart fleire millionar tvungne til å flykte og forlate alt dei eigde.

FNs høgkommissær for flyktningar rapporterte at det ved inngangen til 2021 var 82,4 millionar menneske på flukt i verda. Dette er det høgaste talet som nokosinne er registrert, og ein auke på 2,9 millionar frå året før, i følgje [Flyktningshjelpen.no](https://www.refugees.org/).

Flyktningssituasjonen i verda vert påverka av krigar, konflikhtar og framover også klima- og miljøkriser. Ut frå eit globalt og humanitært perspektiv, er det forventa at kommunane i landet tek sin del av ansvaret for menneske på flukt.

Kvart år ber IMDi norske kommunar ta i mot eit visst tal flyktningar. Talet er basert på framtidig behov for busetting. Det har siste åra vore ein ganske stor reduksjon på tal flyktningar som kjem inn til Norge. Eit stort fleirtal av dei som kjem til landet, kjem som overføringsflyktningar. Dette gjeld også for vår kommune.

I 2021 bad IMDi norske kommunar om å ta i mot 5025 flyktningar.

Kvinnherad kommune sa, etter oppmoding frå IMDi, ja til å ta i mot 10 av desse i 2021, samt sagt seg villig til ta i mot 10 personar til.

Oppmodinga som gjekk ut til norske kommunar for 2022 var på 5500 personar totalt, og på 10 personar for Kvinnherad. Det vart i kommunestyret 16.12.21 vedteke å ta imot desse 10, samt å ta i mot 10 personar til om det skulle vera behov for det.

Kommunen har over tid vore positive til å ta i mot og busetje flyktningar, og har utført denne tenesta sidan 1995.

Sidan 2011 syner tal frå Imdi.no ei utvikling slik:

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Oppmoding om busetting	15	20	30	25	25	50	30	10	15	14	10
Vedtak om busetting	15	15	-	10	30	45	30	10	15	10	10
Faktisk busetting	15	23	7	15	19	50	22	10	7	14	10

I tillegg kjem det stort sett kvart år familiesameinte av busette flyktningar. Desse har same rett og plikt til introduksjonsprogram som dei som kjem som flyktningar.

Ved inngangen til 2021 var det rundt 800 000 innvandrarak i landet samt omlag 200 000 personar født i Norge av innvandra foreldre. Dette talet inkluderer alle nasjonalitetar frå alle verdsdelar. Størstedelen av desse er arbeidsinnvandring.


Det er vel 240 000 personar med flyktningbakgrunn busett i Norge ved inngangen til 2021.

Av den totale befolkninga i Norge har altså om lag 19% innvandrarakgrunn. 3,7% av desse er norskfødde med innvandarforeldre.


For Kvinnherad var talet innvandrarak ved inngangen til 2021 på 7,4% av befolkninga.

Heilt konkret utgjør dette 968 personar.


- 523 av desse kjem frå EU/EFTA, Nord Amerika, Australia og New Zealand
- 445 av desse kjem frå Øst-Europa utanom EU, Asia, Afrika, Sør- og mellom Amerika og Oseania (utanom Australia og New Zealand)



I følge statistikk hos imdi.no er størstedelen av innvandrerane som vert busette i Kvinnherad vaksne i arbeidsfør alder.



Barn etter alder



Figuren viser antall barn fordelt etter innvandrerbakgrunn og alder i 2020 i K

Kilde: SSB, sist målt: 15.12.2020

Budsjett og tilsette

Busetjing av flyktningar er ei frivillig oppgåve for kommunen. Men det er sterke føringar og forventingar frå sentralt mynde, og innrettinga på statleg tilskot gjer at det skal vera attraktivt for kommunane.

Desse er fordelt på følgjande tilskotsordningar;

- Integreringstilskot, eldretilskot og barnehagetilskot
- Norsktilskot
- Tilskot til personar med funksjonshemmingar og åtferdsvanskar
- Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap

Flyktingtenesta og vaksenopplæringa er blitt redusert frå til saman 17 tilsette i 2017 til 11 tilsette i 2021. Dette inkluderer reduksjon frå to til ein leiar.

Frå 2022 vert Flyktingtenesta ein avdeling ved NAV Kvinnherad. Plassering av Vaksenopplæringa skal vurderast framover.

Det må i tida framover sjåast på kva ressursar ein skal nytte i integreringsarbeidet opp mot måla som er sett for arbeidet.



Foto Thor Inge Døssland

Øving til norskprøve

«Kvinnherad kommune tek imot 10 flyktningar i 2021. Vedtaket skal ikkje inkludera familiesameinte.

Kvinnherad kommune er positiv til å ta imot fleire flyktningar enn førespurnaden tilseier. Ein må sjå dette ift kapasitet i skule og helsetilbodet elles i kommunen, samt finansiering frå IMDI.

Kvinnherad kommune er i stand til og ynskjer å busetja inntil 20 flyktningar i tillegg til dei 10 som ligg i framlegget. Kommunen ser på flyktingane, i tillegg til det humane, som ein viktig ressurs for kommunen. Tilhøva i Kvinnherad er gode for sysselsetjing og integrering. Flyktingane kan bidra med mange etterspurde kompetansar.»

Vedtak kommunestyret 17.12.2020

«Kvinnherad kommune kan ta imot 10 flyktningar i 2022, som IMDI ber om.

b. Kvinnherad kommune kan vere i stand til å busetje fleire om busetjingsbehovet aukar gjennom året. Kvinnherad kommune kan vera i stand til å busetta totalt 20 flyktningar i 2022»

Vedtak kommunestyret 16.12.21

Arbeidet med planen har vist kva områder for forbetring kommunen har innan integreringsfeltet;

Rutinar og ansvarsdeling

Planarbeidet har vist ei tydeleg oppleving av at kommunen manglar visjon og mål for integreringsfeltet, og at kommunen sitt arbeid med flyktningar, totalt sett, verkar planlaust og utan heilskap. Det kjem også fram ein usikkerheit i forhold til kva som er Flyktingtenesta sitt ansvar.

Uklar ansvarsdeling og mangel på rutinar og prosedyrar gjer samhandlinga mellom einingar og fagområde vanskeleg.

Det vert avdekka eit særleg behov for å få på plass rutinar, med tydeleg ansvarsdeling, kring mottak av flyktningar samt det vidare samarbeidet kring busette familiar

Uklar ansvarsdeling og ei evt fråskriving av ansvar utgjer ein klar risiko for, blant anna, å ikkje få gjort naudsynt kartlegging av både barn og vaksne. Grundig og rett kartlegging på ulike områder er avgjerande både for kor tidleg ein klarar å setje inn nødvendig hjelp på ulike livsområde. Det påverkar også mogelegheita kommunen har til å for eksempel søkje midlar til oppfølging av personar med nedsett funksjonsevne innan fristen.

Det må framover prioriterast å få utarbeide dei rutineane som manglar for integreringsfeltet. Desse skal føra til tidleg innsats og god samhandling og bidra til god helse og autonomi for den enkelte.

Endra organisering av flyktningmottak nasjonalt

Dei tidlegare åra har kommunen i all hovudsak busett flyktningar som først har hatt opphald på norske flyktningmottak. Mottaka har ei viktig rolle i arbeid med kartlegging, begynnande norskopplæring og å bli kjent med det norske samfunnet. På bakgrunn av det som skjer i mottaksperioden skal kommunane ta oppdraget vidare med busetting, opplæring og lokal integrering.

Når det i hovudsak kjem overføringsflyktningar må det som tidlegare vart gjort av mottaksoppgåver no gjerast lokalt. Dette set andre og større krav til mottaksapparatet med omsyn til ressursar, kompetanse og samarbeid mellom ulike fagfelt. I tillegg er eit stort fleirtal av dei som kjem i særskild sårbar gruppa då dei har liten eller ingen skulegang. Talet her er aukande både nasjonalt og lokalt.

«Hus med skreddarsaum» er eit samarbeid mellom Flyktingtenesta/Vaksenopplæringa, Eining Barn og familie og RVTS. «Hus med skreddarsaum» er ein bustad tilgjengeleg for familiar med samansette problemstillingar, som no vert nytta til familiar komne som overføringsflyktningar. Målet er å sjå på måtar å bruke dei ressursane kommunen har tilgjengeleg på ein best mogeleg måte. Satsinga nyttar språkassistentar inn i arbeidet i stor grad.

Prosjektet skal kunne gje kommunen moglegheit til å gjere seg erfaringar med mottaksarbeid på ein annan måte, og må være med på å danne grunnlag for korleis kommunen best skal ta i mot overføringsflyktningar i framtida. Både med omsyn til rutinar, tydeleg ansvarsdeling, ressursar og kompetanse.

Bli kjent med, og integrert i, det norske samfunnet

Å bli integrert handlar i stor grad om å bli inkludert i samfunnet. I dette er det viktig med kunnskap og kultur og gjensidig forståing av kulturar.

Flyktingtenesta nyttar Språkassistentar som hjelp i integreringsarbeidet. Dette er personar som har budd i Norge og gjerne Kvinnherad i ein del år, og som beherskar både norsk og eige morsmål skriftleg og

munneleg. Språkassistentane er svært viktige brubyggjarar i arbeidet med gjensidig kultur og samfunnsforståing. Det må også framover satsast på opplæring og støtte slik at språkassistentane kan nyttast i denne rolla.

Språkopplæring

IMDi fører statistikk over kor mange som er i arbeid eller utdanning etter endt introduksjonsprogram.

Siste oppdaterte tal er frå 2018, og desse viser at i Kvinnherad var det;

- 43% som gjekk over i arbeid eller utdanning. For Norge er talet 66% i same periode.
- 19% i arbeidsledige eller på tiltak. Denne gruppa er registrert hos NAV som arbeidsledige og deltek på ordinære arbeidsmarknadstiltak
- 38% i kategorien «Annen». Dette er personar som har svakast grad av tilknytning til arbeidsmarknaden. Dette vil sei at personen ikkje er sysselsett, under utdanning, registrert ledig eller på arbeidsmarknadstiltak.

Det at har i medverknadsrunden kome mange innspel på at norsknivået vert opplevd som lågt etter fleire år butid i Norge. Dette gjer det vanskeleg for den enkelte å komme vidare i utdanning eller arbeid.

Talet norsktimar per veke varierer frå 8 til 12 timar, noko som er for lite og fører til at det tek svært lang tid før elevane lærer seg norsk. I tillegg er eit stort fleirtal av dei som kjem i særskild sårbar gruppe då dei har liten eller ingen skulegang. Talet her er aukande.

Det må vurderast ei meir intensiv og tilpassa norskopplæring.

Ein viktig del av språkopplæringa skal skje ute i språktrening. Både tidlegare deltakar i introduksjonsprogram og tenesteapparatet held fram viktigheita av gode språktreningsplasser som samsvarar med deltakar sin tidlegare kompetanse, gjev arbeidslivserfaring og også gjev språkopplæring.

Det går fram av tilbakemeldingane som kjem inn at språktreninga ute i arbeidslivet i nokre tilfelle ikkje gjev deltakarane den kunnskapen ein har forventningar om. Dette både fordi elevane ikkje har gode nok norskkunnskapar til å nytte seg fullt ut av praksisen, men også fordi kompetanse om korleis ein, som arbeidsgjevar, best kan bidra til god opplæring er varierande

Tilbodet om norskopplæring for arbeidsinnvandrarar er redusert siste åra. Det eksisterer framleis eit tilbod men kun på dagtid. Dette fører til at personar som er på arbeid på dagtid ikkje i alle tilfelle har høve til eller prioriterer å nytte seg av undervisning.

Språkopplæringa er eit viktig ledd i det å komme nærare arbeid, og det er avgjerande at tilsette på språktreningsplassen er trygge på si rolle. Det er også avgjerande at tilsette i vaksenopplæringa har moglegheit til å følgje opp både deltakar og arbeidsplass i perioden.

Tilbakemelding frå tilsette i Kvinnherad kommune

Å undervise deltakarar i norsk ei god stund for dei byrjar på språkpraksis er viktig slik at dei kan få mest mogeleg utbytte av praksisperiode. Viktig at ein blir plassert på ein språkpraksisplass som gir mogelegheit for å snakke/lytte og jobbe samtidig.

Tidlegare deltakar i introduksjonsprogram

Det er svært uheldig for familiedynamikken når barn lærer seg norsk medan foreldra heng etter. Det at føresette, grunna dårleg språkforståing, ikkje klarar å skaffe arbeid, delta i samfunnet, forstå meldingar frå barnehage/skule/idrettslag osv kan vere med på å bidra til skeivhet i forholdet mellom foreldre og barn

Flyktningtenesta/RVTS

Språkopplæring for ungdom

Ungdommar som kjem til kommunen i aldersgruppa 16 til 18 år, anten som flyktningar eller som familiesameinte, er sårbare for utanforskap. Dei er ikkje gamle nok til å ha rett til introduksjonsprogram, men høyrer heime i vidaregåande opplæring. Det er også der dei finn jamaldringar.

Dersom ein ikkje har verken norsk- eller engelskkunnskapar frå før vert det utfordrande for dei å gjennomføre eit vidaregåande løp som fører dei vidare i utdanning.

I nokre tilfelle mottar desse ungdommane norskopplæring frå vaksenopplæringa, men går då i klasse med vaksne og ikkje med ungdommar på eigen alder, noko som kan vera uheldig med tanke på målet om god integrering.

Det må sjåast på korleis ein best kan gje denne gruppa norsk- og engelskopplæring for at dei så raskt som mogeleg skal kunne gjennomføre eit utdanningsløp

Kompetanseheving

Det går fram av tilbakemeldingane som kjem i planarbeidet at tenesteapparatet i nokon grad kjenner seg usikre på integreringsfeltet. Det dreier seg om usikkerhet rundt kommunikasjon, religion og kultur.

Det må framover vurderast på kva måte ein kan heve kompetansen totalt i kommunen i samarbeid med Flyktningtenesta og Vaksenopplæringa.

Oppsummering

Samla sett stiller endra føresetnader og ny integreringslov nye krav til kompetanse, klar ansvarsdeling og samhandling. Tross færre flyktningar busette i kommunen, krev mange av dei som kjem desto meir for å nå mål om varig fotfeste i norsk arbeidsliv og godt nok norsknivået.

Dette betyr at kommunen framover må jobbe med følgjande;

- Tydeleggjere koordineringsansvaret til Flyktningtenesta
- Rutine, med klar ansvarsdeling, for mottak av flyktningar
- Rutine, med klar ansvarsdeling, for kartlegging av nykomne flyktningar innan alle relevante områder
- Rutine, med klar ansvarsdeling, for samarbeid kring busette familiar med barn
- Nytte erfaringar frå prosjektet «Hus med skreddarsaum» med tanke på bruk av språkassistentar i det vidare arbeidet
- Heve kompetansenivået i kommunen innan integreringsfeltet generelt, og kommunikasjon med framandspråklege og migrasjonshelse spesielt
- Auke opp talet timar norskundervisning per veke med mål om meir intensiv språkopplæring
- Auka samarbeid med lokalt næringsliv med mål om betre, fleire og meir målretta språktreningstilbod
- Utarbeide eit godt opplæringstilbod til unge 16 til 18 år
- Kartlegge behovet for å starte opp igjen norskopplæring på kveldstid for arbeidsinnvandrarar, og igangsette dersom behov

Sektorleiarar har eit overordna ansvar for at tiltaka vert gjennomført innan fristen.

Tiltak	Frist	Ansvar
Tydeleggjere koordineringsansvaret til Flyktningtenesta	Juni 2022	Leiar Flyktningtenesta
Utarbeide rutine, med klar ansvarsdeling, for mottak av flyktningar. Nytte erfaringar frå prosjektet «Hus med skreddarsaum»	Juni 2022	Leiar Flyktningtenesta saman med andre relevante einingsleiarar
Utarbeide rutine, med klar ansvarsdeling, for kartlegging av nykomne flyktningar innan alle relevante områder	Juni 2022	Leiar Flyktningtenesta. Andre relevante einingsleiarar har deltakingsansvar
Utarbeide rutine, med klar ansvarsdeling, for samarbeid kring busette familiar med barn	Juni 2022	Leiar Flyktningtenesta. Andre relevante einingsleiarar har deltakingsansvar
Nytte erfaringar frå prosjektet «Hus med skreddarsaum» med tanke på bruk av språkassistentar i det vidare arbeidet	2022	Leiar Flyktningtenesta
Heve kompetansenivået i kommunen innan integreringsfeltet generelt, og kommunikasjon med framandspråklege og migrasjonshelse spesielt	2022 Kontinuerleg framover	Sektorleiar omsorg, helse og sosial og Sektorleiar oppvekst
Auke opp talet timar norskundervisning per veke med mål om meir intensiv språkopplæring	Juni 2022	Rektor Vaksenopplæringa
Auka samarbeid med lokalt næringsliv med mål om betre, fleire og meir målretta språktreningstilbod	2022 Kontinuerleg arbeid framover	Leiar Flyktningtenesta, leiar NAV
Utarbeide eit godt opplæringstilbod til unge flyktningar i aldersgruppa 16 til 18 år	2022	Sektorleiar oppvekst
Kartlegge behovet for å starte opp igjen norskopplæring på kveldstid for arbeidsinnvandrarar, og igangsette dersom behov	Juni 2022	Leiar vaksenopplæringa

<i>Integrering kjem frå det latinske ordet integrare som tyder «å gjere heil».</i>	
Arbeidsinnvandring	Innvandring knytt til eit arbeidsforhold. Dette er i vid forstand utanlandske statsborgarar som kjem til eit land for å arbeide og bu der i kortare eller lengre tid
Asylsøkjjar	Person som kjem til eit anna land utan på førehand å vera anerkjent som flyktning. Bakgrunnen for søknaden om asyl er vanlegvis grunna i politiske, etniske og/eller religiøse årsaker. Personen kan søkje om asyl til fram til søknaden vert handsama av Utlendingsdirektoratet (UDI). Asylstatusen inneber blant anna vern mot å bli sendt tilbake til området der ein har grunn til å frykte forfølgning. Asylstatus gjev visse rettar, som medlemskap i folketrygda.
Busette	Flyktningar med opphaldsløyve som er busette i Kvinnherad. Desse deltek i Introduksjonsordninga, med rett og plikt til norskundervisning. Dei har elles rettigheter som alle andre i Kvinnherad.
Familiesameining	Den næraste familie, normalt ektefelle og barn under 18 år, kan etter søknad bli innvilga opphald.
Flyktning	Ein person som har fått politisk asyl, er overføringsflyktning eller fått opphald på humanitært grunnlag, samt familiesameinte til desse.
Introduksjonsordninga	Regulert av Introduksjonsloven (lovfesta 1.september 2004, sist endra 01.01.2017), denne skal bidra til å styrkje nykomne flyktningar sin moglegheit til deltaking i yrkes- og samfunnslivet, og seinare til økonomiske sjølvstendet. Introduksjonsordninga er eit fulltids program som skal bestå av aktivitet 37,5 time pr veke 47 veker i året. Flyktningar komne etter 01.01.21 har rettar etter den nye Integreringslova. Deltakarane i ordninga mottek skattepliktig introduksjonsløn tilsvarande 2G (grunnbeløpet i folketrygda). Plikt/rett er avhengig av alder og kva type opphaldsløyve ein har. Programmet varer som regel i inntil to år, men kan verte forlenga etter individuell vurdering av behov. Utviding skjer etter søknad frå deltakar. Dei som har rett og plikt til introduksjonsprogram er: nykomne flyktningar samt familiesameinte. Retten gjeld for personar over 18 år.
Innvandrar	Alle personar som sjølv har innvandra til landet, som bur og har opphald her samt dei som har to utanlandske foreldre.
Opphald på humanitært grunnlag	kan ein få dersom ein får opphaldsløyve grunna sterke menneskelege omsyn eller fordi vedkommande har særleg tilknytning til Norge. Ein flyktning som får slikt opphaldsløyve har same rettar til busetting og introduksjonsprogram som ein person med asylstatus.
Overføringsflyktning	Ein flyktning som blir henta til Norge frå utlandet, etter avtale med FNs høgkommisær for flyktningar (UNHCR). Overføringsflyktningar vert ofte omtala som kvoteflyktningar, og vert som regel henta frå flyktningleirar. Stortinget avgjer kvart år kor mange overføringsflyktningar Norge skal ta i mot. Dei siste åra har Norge tatt i mot stadig fleire overføringsflyktningar
Definisjonar er utarbeida av Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi)	

Internasjonale konvensjonar og regelverk

[FNs konvensjon om flyktningar si stilling vedteken ved FN 28.07.51.](#)

[FNs konvensjon om barn sine rettar av 20.11.89.](#)

[FNs konvensjon om sivile og politiske rettar av 16.12.66.](#)

[Europarådets konvensjon om beskyttelse av menneskerettighetene og de grunnleggjende friheter av 04.11.50.](#)

Nasjonale krav og retningslinjer

Gjeldande lover

[Lov om behandlingmåten i forvaltningssaker \(Forvaltningslova\)](#)

[Lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid \(Integreringslova\)](#)

[Lov om barnevernstjenester \(Barnevernslova\).](#)

[Lov om utlendingers adgang til riket og deres opphold her \(Utlendingslova\).](#)

[Lov om grunnskolen og den videregående opplæringa \(Opplæringslova\).](#)

[Lov om barnehager \(Barnehagelova\).](#)

[Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester \(Helse- og omsorgstjenestelova\)](#)

[Lov om pasient og brukerrettigheter \(pasient- og brukerrettighetslova\)](#)

[Lov om vern mot smittsomme sykdommer \(smittevernlova\)](#)

[Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen \(Sosialtjenestelova\)](#)

[Lov om arbeidsmarkedstjenester \(Arbeidsmarkedsloven\)](#)

[Lov om folketrygd \(Folketrygdlova\)](#)

[Lov om tannhelsetjenesten \(Tannhelsetjenestelova\)](#)

[Lov om folkehelsearbeid \(Folkehelselova\)](#)

Sentrale rettleiarar og forskrifter

[Forskrift om tuberkulosekontroll. Forebygging og kontroll av tuberkulose](#)

[Forskrift om kommunens helsefremmende og forebyggjende arbeid i helsestasjons- og skolehelsetjenesten](#)

[Veileder for helsetjenestetilbud til asylsøkere, flyktningar og familiegjenforente](#)

[Retten til å bestemme over eget liv. Handlingsplan mot negativ sosial kontroll, tvangsekteskap, og kjønnslemlestelse \(2017-2020\)](#)

[Melding til stortinget 6. En helhetlig integreringspolitikk Mangfold og fellesskap](#)

[Melding til stortinget 30. Fra mottak til arbeidsliv – en effektiv integreringspolitikk \(2015-2016\)](#)

[Melding. St 6 \(2019 – 2020\) Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO](#)

Tilstøytande kommunale planar

[Kommuneplanen sin samfunnsdel](#)

[Kommuneplanen sin arealdel](#)

[Kommunedelplan for omsorg, helse og sosial](#)

[Temaplan for oppvekstkår](#)

[Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv](#)

[Gjeldande økonomiplan](#)

Lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid

Frå 1.januar 2021 erstatta *Lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (integreringsloven)*

introduksjonslova frå 2003.

Dei som vert omfatta av denne lova er

- personar som har fått opphaldsløyve etter 01.01.21.
- personar som har fått opphaldsløyve for 01.01.21, men som kjem til Norge etter 01.01.21

Mange innvandrara har ikkje den formelle kompetansen som skal til for å komme i arbeid. Med «lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid» vert det gitt ein startpakke for nykomne flyktningar og deira familie som tek formell utdanning på alvor og set tydelegare krav til norskkunnskapar. I den nye lova er det ikkje spesifisert kor mange timar den som vert omfatta av integreringslova kan få, men at kommunen skal tilby eit program slik at personen kan få oppfylle sine mål ref §§ [13](#) og [14](#). Målet med den nye lova er, i følge Integrerings- og mangfoldsdirektoratet, at fleire skal få varig fotfeste i norsk arbeidsliv. Gapet mellom kva kvar enkelt har med seg og behovet på arbeidsmarknaden skal fyllast, og det vert sett tydelege mål for flyktningar og kommune.

Vedlegg 3 – Andre kjelder

<https://www.imdi.no/>

<https://www.helsedirektoratet.no/>

<https://www.bufdir.no/>

Bømlo kommune – Integreringsplan